



**DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT**

Sjå adressatliste

Dykkar ref.

Vår ref.
16/5833 EO OKL/bj

Dato
13.03.2017

Reglement og retningslinjer om innsyn – tiltak for betre openheit og innsyn

Stortinget gjorde 8. juni 2015 følgjande vedtak (oppmodningsvedtak nr. 619 (2014–2015)):

«Stortinget ber regjeringen ta initiativ til at offentlige institusjoner og etater gjennomgår reglement og retningslinjer med sikte på å bedre åpenhet og innsyn i offentlig virksomhet.»

Vedtaket vart gjort som del av handsaminga av sak 8:85 L (2014-2015). I innstillinga frå justiskomiteen i saka, Innst. 320 L (2014-2015), vart det uttala:

«Flertallet viser til at det for tiden pågår en evaluering av den nye offentlighetsloven som trådte i kraft 1. januar 2009. Evalueringen blir gjennomført av analysefirmaet Oxford Research, og skal være ferdig 30. november 2015. Flertallet viser videre til at hensikten med den nye loven var å gi større innsyn i forvaltningen. Da loven ble vedtatt, ba derfor Stortinget om at loven etter noen år skulle evalueres med henblikk på om intensjonene om mer innsyn har blitt oppfylt. Årets SKUP-konferanse viste at i alt 40 av de 63 innsendte metoderapportene beskrev til dels betydelige problemer med å få tilgang til offentlig informasjon. I noen tilfeller hadde en vesentlig del av dokumentene aldri funnet veier til postjournalene, mens andre dokumenter ble journalført lenge etter at de var sendt. Journalister melder om mange slike eksempler i møte med offentlige virksomheter. Dette er dessverre en situasjon som har vedvart over lengre tid. Flertallet ber regjeringen ta initiativ til at alle offentlige institusjoner og etater gjennomgår reglement og retningslinjer med sikte på å bedre åpenhet og innsyn i offentlig virksomhet.»

Denne oppfølginga bør såleis sjåast i samanheng med evalueringa av offentleglova og den vidare oppfølginga av evalueringa. Evalueringsrapporten var på høyring våren 2016, og høyringa blir no følgd opp i departementet. Høyringsdokumenta og

evalueringsrapporten finst her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/hoyring-evalueringen-av-offentleglova/id2477095/>


Som ledd i oppfølginga av stortingsvedtaket, ber vi med dette om at alle adressatar går gjennom interne reglement og retningslinjer som er knytt til openheit og innsyn. Dette kan til dømes gjelde rutinar i samband med innsynskrav, interne reglar for kva som skal gjevast ut, rutinar for journalføring osv.

Vi ber om at departementa formidlar denne førespurnaden til underordna eller tilknytte organ som ikkje står på adressatlista her. Alle adressatar bør vurdere om førespurnaden skal formidlast vidare til tilknytte sjølvstendige rettssubjekt som er eller kan vera omfatta av offentleglova.

Med vennleg helsing



Knut Helge Reinskou e.f.
ekspedisjonssjef



Arnulf Tverberg e.f.
avdelingsdirektør

Adressatliste:

Departementa
Statsministerens kontor

Fylkesmennene
Sysselmannen på Svalbard

Domstoladministrasjonen

Sametinget

Fylkeskommunane
Kommunane
Longyearbyen lokalstyre